



Vest

Landbrukstenester SA

Årsmelding 2018

Styret

Leiar	Norunn Britt Rygg Seljeset	6763 Hornindal	på val leiar/styremedlem
Nestleiar	Heidi Håheim	6788 Olden	på val nestleiar
	Sonja Skåre Esperø	6798 Hjelledalen	på val
	Salvatore Ligia	6750 Stadlandet	på val
	Gunnar Øen	6763 Hornindal	
	Torhild Kleppe	6783 Stryn	
Avløysar rep	Hans Petter Hånes	6750 Stadlandet	
Varamedlemmer	1. Arne Dalsbø	6750 Stadlandet	på val
	2. Ragnvald Bergset	6795 Blaksæter	på val
	3. Magne Øen	6763 Hornindal	på val
Vara avløysarrep	Joar Sunde	6788 Olden	
Verneombod	Joar Sunde	6788 Olden	
	Tlf 57 87 71 86	mob 958 18 150	
Revisor	Firda Revisjon & Rådgivning AS		på val
Valnemnd			
Leiar	Einar Helge Tomasgard	6763 Hornindal	på val
	Åge Ervik	6750 Stadlandet	
	Linda Alsaker	6788 Olden	
Vara	Oddfrid Bakke	6763 Hornindal	på val
Vara	Svein Per Ervik	6750 Stadlandet	på val
Vara	Geir Dårflot	6799 Oppstryn	på val

I 2018 har laget 205 medlemmar (2017: 215 medlemmar). Vi har arbeidsgjevaransvar for 163 medlemmar inkl 3 næringsdrivande.

Lønn som er utbetalt gjennom laget:

- Ferie/fritid kr 7 364 035. Av dette er kr 3 185 390 lønn til familie avløyning
- Sjukdomsavløyning kr 824 589
- Andre oppdrag kr 2 356 999
- Landbruksvikar kr 901 885

Avløyning

Vest Landbrukstenester(LT) driv med formidling av avløysarar til medlemmane i kommunane

Vest Landbrukstenester
Tonningsgata 4
6783 Stryn

tlf: 57 87 18 22
vaktltf: 488 94 245
e-post: vlt@n-lt.no

org.nr: 871 366 802 MVA
<http://www.vest-landbrukstjenester.no>
Sparebanken Sogn og Fjordane 3795 10 24172

Besøksadresse: Nordsida Næringsstove, Ulvedal.

Opningstider kl 09 – 15 måndag, tysdag og torsdag



Hornindal, Selje og Stryn. Vi formidlar avløysarar både ved ferie/fritid og ved sjukdom, i tillegg tar vi på oss lønsoppdrag for andre enn bønder. Vest LT har arbeidsgjevaransvar for alle som vi løner ut

Vest LT har landbruksvikarordning ved sjukdom og ferie/fritid. Laget har i 2018 fått tildelt 3,23 årsverk og får tilskot på kr 270 200 pr årsverk. Vi har to landbruksvikarar i 100% og ein i 50% stilling.

Vi har i 2018 to avløysarringar i Stryn kommune. Oldedalen/Olden Avløysarring med ein fast tilsett og Randabygda Avløysarring (ikkje lukkast å få ein fast tilsett). I begge er det 6 medlemar. Hjø ein bonde er det tilsett to som bytter på å avløyse. 1 avløysar som er fast hjå 1 medlem. I Hornindal har vi 3 avløysarringar(h.h.v. 3, 3 og 5 medlemar) med ein tilsett i kvar av dei. Vi har også 2 avløysarar som er fast hjå eit medlem.

Utanom dette, har vi ikkje nokon fast som kan ta avløysing i sitt nærområde.

Landbruksvikarordninga

I 2018 var det i Hornindal og Stryn kommunar desse landbruksvikarane; Per Hilde tilsett i 100% fast stilling, Leif Rand tilsett i 50% fast stilling.

I Selje kommune var Hans Petter Hånes landbruksvikar i 100% fast stilling.

Bemanning på kontoret

Dagleg leiar Knut Sigurd Gald i 100% stilling. Rand Rekneskapskontor v/Liv-Ingrid Iversen Rand har sjukdomssaker og rekneskapan til Vest Landbrukstenester i samarbeid med DL.

Styremøter

Styret har hatt 4 styremøter i 2018 der mellom anna desse sakene er handsama i tillegg til vanlege styremøtesaker:

- Medlemskontingent
- Strategiplan for Vest LT
- Lokale lønsforhandlingar
- Ansvarsforsikring

Årsmøte

Årsmøtet vart halde på Stryn Hotel 20. mars 2018, med til saman 11 personar.

Lokale lønsforhandlingar

11. september vart lokale lønsforhandlingar gjennomført. Frå arbeidsgjevarsida møtte Sonja S. Esperø og frå dei tilsette Hans Petter Hånes. DL Knut Sigurd Gald møtte som sekretær/protokollfører.

Jobbmesse i regi av NAV i Nordfjord

Dagleg leiar deltok med stand på den årvisse jobbmessa som NAV i Nordfjord arrangerer på Hotel Alexandra, Loen i februar månad.

Landbruksvikarkurs – avløysarkurs - administrasjon

Dette årlege kurset er eit samarbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og vart arrangert for 11. gong i Florø. DL Knut Sigurd Gald, LV Leif Rand og LV Hans Petter Hånes deltok frå Vest LT.



Vårsamling Stjørdal

Der deltok dagleg leiar Knut Sigurd Gald. Tema var endringar i velferdsordningane og landbruksvikarverksemd.

Hautsamling Stjørdal

Der deltok dagleg leiar Knut Sigurd Gald og styremedlem Hans Petter Hånes. I framkant av hautsamlinga deltok begge på kurs.

Tema på hautsamlinga:

- Kurs «Aktiv økonomistyring», «HMS-handboka» og «Innfordring og kreditrutinar», «verneutstyr» og «varsling».
- Hautsamlinga - Programmet i år var:
 - Innlegg ved Humørbonden Geir Styve, frå Hordaland og stril.
 - Første dag var det sett opp 11 delmøter med forskjellig emne, der vi kunne delta på 2 av desse: Knut Sigurd og Hans Petter deltok på «Nytt om endringar i regelverk vi må ta omsyn til» og «Arbeidstilsynet».
 - I tillegg var det eigne samlingar for : «Styreleiarsamling», «Daglegleiarsamling», «samling for tillitsvalde og tilsette» og fylkesvis samling for å førebu årsmøtet i NLT.
 - Det vart gjennomført gruppearbeid «Medlemskriterier» for medlemslag i NLT.

Kontordag i Selje

Liv-Ingrid og Knut Sigurd hadde kontordag på Furebuda på Leikanger 16. november 2018. Det var eit godt oppmøte, som glede administrasjonen. Frå administrasjonen si side ser vi det som svært nyttig å ha desse kontordagane slik at vi har høve til å treffe medlemmane i Selje over ein kaffikopp og for dei å kunne ta opp sine saker direkte.

Førejuls møte

Torsdag 15. november var kontortilsette og styret samla til styremøte på Furebuda, Leikanger. Administrasjonen hadde i tillegg møte med landbruksvikarane og avløyssarane. Mellom desse to møta vart det servert juleallerken

Datasystemet

Datasystemet vårt er tilslutta terminalserver hjå Norske Landbrukstenester (NLT). Vi brukar framleis SunPro lønn og SunPro rekneskap, som dataverktøy. I tillegg har vi frå 1.1.2017 teke i bruk Webtemp i samband med løns- og rekneskapsprogrammet. Webtemp er eit nettbasert system med levering og godkjenning av timelistene elektronisk og for det enkelte medlem er medlemsoppllysningane tilgjengeleg. I tillegg vert lønsslipp og faktura sendt elektronisk.

Heimesida

Heimesida vert levert av Netsense og vert administrert av DL.

Ulvedal 19. mars 2019

For

Norunn Britt Rygg Seljeset

- Styreleiar -

Heidi R.F. Håheim

- nestleiar -

